Bømlo kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
16. november til 22. november

Måndag 16. Kl. 18.00 - Linedance - Røde kors huset
Bli med på linedance kurs i regi av Bømlo frivilligsentral. Ope for alle.

Tysdag 17. Kl. 11.00 - Senioruniversitetet - Bømlo kulturhus
Senioruniversitetet får denne tysdagen besøk av biskop Ragnhild Jensen med føredraget "Jul - gamle og nye tradisjonar". Bill.pris kr 175

Onsdag 18. Kl.10.00 - Aktiv til 100 - Selsvatnet
Bømlo turlag arrangerer tur til Selsvatnet denne onsdagen. Turen er ca 1 km (ein veg) på tilrettelagt turveg ilagt kaffidrøs i gapahauken ved Selsvatnet. Oppmøte og start på parkeringsplassen i Brubakken.
Kontaktperson: Harald Fadnes, tlf 913 48 499

Torsdag 19. Kl. 18.00 - Boklansering - Bømlo folkebibliotek
Boklansering med Solveig Johanne Grønstøl. Her vil ho lese dikt og fortelje om korleis den nye boka hennar "Gjennom ein fjord vart til". Arrangementet er gratis.

Laurdag 21. Kl. 19.00 - Bømlo janitsjar - Bømlo kulturhus
Bømlo janitsjar med dirigent Håvard Kroka og solistar inviterer til konsert med temaet "The Beatles". Her får de servert eit breitt utval av The Beatles sine mest kjente songar. Solistar på konserten er Ingrid Esperø, Svein Arne Sortland og Jan Ove Morlandstø. Bill. kan kjøpast på kulturhuset sine nettsider eller i skranken. Bill.pris kr 375

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i samarbeid med posten

Nytt og nyttig

Moster sogelag jubilerar

Moster sogelag vart skipa i 1996 og fyller 30 år i år. Laget arbeider for å ta vare på slekts- og lokalhistoria til gamle Moster kommune, mellom anna historia om levekår, frakteflåten og lokale kulturminne. Me gir også ut ei lokalhistorisk årbok, som kjem for sal før jul.

Sogelaget eig og driv Moster Museum. Laget kjøpte huset i 2002, og medlemmene har restaurert museet på dugnad. Her kan du sjå utstillingar om daglegliv, arbeidsliv og kystkultur på Bømlo, i tillegg til lokal historie frå andre verdskrigen. Museet har ope kvar søndag i skuleferien og elles etter avtale.

Gjennom året arrangerer me mellom anna «Jul i gamle dagar» og kvisskveldar. Lokale lag og organisasjonar bruker også museet til strikkekafé, treff og årsmøte.

Me treng fleire medlemmer!
Medlemskontingenten er 200 kroner i året og gir sogelaget viktige inntekter til å driva museet og ta vare på lokalhistoria.

Vil du bli medlem? Ta kontakt med leiar: randi.totland@haugnett.no eller kasserar: gretsi@haugnett.no
Følg oss gjerne på **Facebook:** «Museet på Moster».
Hjarteleg velkomen til museet på Moster!



Foto: Moster sogelag

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:
Elisabeth Holme Knutsen - rådgjevar kultur og idrett - Mobil 911 65 377
Johanne Kristiansen - rådgjevar folkehelse og frivilligheit - Mobil 453 82 642
Kontakt oss om du vil reservere deg mot å motta dette informasjonsskrivet.